

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.10.19

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes, Ole G. Vassel og Liv Bente Steiro. Trond Vikane under sak /63.

Meldt forfall: Jan-Tore Huus og Kaia Gulbrandsen

Referent: Liv Bente Steiro

Sak 2019/58: Godkjenning av innkalling og dagsorden: Godkjent.

Sak 2019/59: Godkjenning av referat frå styremøte 17.09.19: Godkjent

Sak 2019/60: Tilstellingar:

Oppsummeringsmøte etter turistsesongen gjennomført. Referat er sendt ut til alle i bygdelaget, deltagere og andre aktuelle.

Status romjulsbasar: Informasjonsbrev ved innsamling av gevinster er produsert og sendt til alle i bygdelaget. Innsamling av gevinster er i gang.

Sak 2019/61: Eigedomar:

Oppsummering etter haustdugnad 28.09: Vel gjennomført og godt fremmøte. Deltaging frå dei ulike laga som bruker kulturhuset kunne vore betre.

Avslutting av kontrakt på badestranda: Bygdelaget har hatt leigeavtale og betalt leige for badestranda. Denne avtalen er opphøyrd då eigedomen er seld og overdratt til kommunen.

Sak 2019/62: Økonomi/søknader/frister etc:

Søknad til Hardangerstiftinga på kr. 118.000,- for diverse utstyr særleg i samband med energisparing o.l. er sendt. Mulig tildeling i nov-19.

Sak 2019/63: Ymse

Styreleiar informerte styret om status for butikken. Styremøte / generalforsamling snart på gang.

Neste styremøte tysdag 12.11.19 kl. 19.00 på Herand Kulturhus.